



Rettleiingshefte

Tilskot til tiltak i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap - Geirangerfjorden 2025



1

Stranda, 1.03.2023.

Innhald

1. Bakgrunn	3
2. Føremål.....	3
3. Verkeområde	3
4. Kven kan søkje?	3
5. Kva kan du søkje om tilskot til?	4
5.1. Drift/årleg tiltak (arealtilskot og beitedyrtilskot)	4
5.2. Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av verneverdige bygningar og anlegg	5
5.2 Eingongs-/investeringstilskot	6
5.3 Eigeninnsats.....	7
6. Korleis søker du?	7
7. Kva må søknaden innehalde?	8
8. Tildeling av tilskot.....	9
9. Arbeidsfrist	9
10. Utbetaling av tilskot og krav om rapportering	9
11. Opplysningsplikt og kontroll.....	10
12. Omgjering og attendebetaling	10
13. Klage	10
14. Rullering av vedtektene.....	10
15. For meir informasjon.....	10
16. Kontaktpersonar	11

1. Bakgrunn

Regelverket er utarbeidd på grunnlag av *Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap* (Landbruks- og matdepartementet, 2019) og *Tiltaksplan for Vestnorsk Fjordlandskap 2022* (Aspevik, Hansen, & Bjørdal, 2022)

2. Føremål

Føremålet med tilskot til tiltak i verdsarvområda er å styrke landbruket i desse områda, jf. § 1 i *Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap* og kommentarrundskrivet (Rundskriv 2021/31): "Tilskudd til tiltak i verdensarvområder skal styrke landbruket. Målet om langsiktig drift og ivaretagelse av kulturlandskapsverdier knyttet til driften er sentralt for ordningen".)

I *Tiltaksplan for Vestnorsk Fjordlandskap 2022* er følgjande tiltak for å nå målsetjinga om å styrke landbruket nemnt som aktuelle:

- Skjømte jordbrukslandskapet med slått og beiting
- Nytte eldre tradisjonelle driftsmetodar og bruke moderne utstyr der dette let seg kombinere
- Ta vare på biologisk mangfald og kulturminne
- Oppretthalde eit småskala husdyrhald, som tek meir omsyn til miljøet
- Legge til rette for opplevingar, og utvikle gode reiselivsprodukt
- Tilby lokalt foredla matvarer og kortreist mat
- Skape grunnlag for heilårsbusetnad
- Ta vare på og formidle kunnskap om natur, kultur og driftsmåtar

3. Verkeområde

Vedtektene gjeld innanfor grensene for verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap - Geirangerfjorden, i Stranda og Fjord kommunar «slik disse er avgrenset i Naturbase», jf. § 2 i forskrifta <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-12-18-2024?q=Utvalgte%20kulturlandskap%20i%20jordbruket>

4. Kven kan søkje?

Målgruppa for ordninga er personar eller verksemder som medverkar til å fremje føremålet med ordninga. Dette kan vere:

- Grunneigarar eller drivarar
- Landbruksføretak registrerte i Landbruksregisteret
- Organisasjonar, foreiningar eller lag
- Andre som medverkar til å fremje føremålet med ordninga

Dersom du ikkje er grunneigar, ver merksam på at mange tiltak krev løyve frå grunneigar, vernestyresmakter og andre rettshavarar før dei kan setjast i verk.

5. Kva kan du søkje om tilskot til?

Du kan søkje om tilskot til tiltak som fremjar føremålet med ordninga. Dette kan vere:

- Restaurering og skjøtsel av areal. Dette er eit prioritert tiltak for å sikre det biologiske mangfaldet, og for å ta vare på kulturlandskapet
- Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
- Tilrettelegging for ferdsel
- Formidlingstiltak
- Naudsynt planlegging av tiltak
- Kartlegging og dokumentasjon av landskapsverdiar
- Kartlegging og dokumentasjon av behov for skjøtsel og sikring av natur- og kulturminneverdiar
- Andre tiltak som fremjar føremålet med ordninga

4

Tiltaka nemnde ovanfor må vere i samsvar og samordnast med gjeldande planar for området (*Forvaltningsplan for Vestnorsk Fjordlandskap* og *Tiltaksplan for Vestnorsk Fjordlandskap – kulturlandskapet*).

5.1. Drift/årleg tiltak (arealtilskot og beitedyrtilskot)

Kommunen kan gje tilskot til drift og skjøtsel av areal i tråd med kapittel 7 i *Tiltaksplan for Vestnorsk Fjordlandskap - kulturlandskapet*. Drifta må vere slik at arealtilstanden vert halden ved like over tid.

For å få tilskot til skjøtsel av areal, må arealet haustast minst éin gong i året ved slått eller beiting. Kantar må vere slått/skjøtta til rett tid saman med resten av areala.

Hovudregelen er at all avling skal fjernast frå arealet og nyttast som fôr. Dersom dette kravet ikkje kan oppfyllest, kan avlinga samlast opp og leggjast til kompostering. Dette må gjerast på ein slik måte at det ikkje oppstår ureining eller vert til sjenanse for miljøet på annan måte ved t.d. lukt eller avrenning.

I dei fleste høve vil det ikkje vere nok å slå graset berre éin gong. Det vil heller ikkje gje tilfredsstillande resultat med berre vår- og haustbeiting utan at hovudavlinga vert hausta i juni/juli/august. Areal med eigen skjøtelsplan, som t.d. artsrike slåttenger, kan ha særskilde reglar om skjøtsel som må følgjast for at arealtilskotet skal kunne betalast ut.

Ved styrt beiting på dyrka jord må beitetrykket vere så stort at graset blir beita ned. Slike areal må som regel pussast, slik at ein unngår oppslag av tuegras, høge urter og kratt. Det høyrer elles med til det årlege vedlikehaldet å rydde i kantvegetasjonen slik at den ikkje tek overhand og spreier seg inn over dyrka mark.

Brenning av gammalt gras om hausten kan ikkje godkjennast som tilstrekkeleg skjøtsel.

	Type tilskot	2025
Fulldyrka og Overflatedyrka jord	Arealtilskot	
	Areal med halling $\geq 1:3$ (K3)	2 415
	Areal med halling $1:3 - 1:5$ (K2)	970
	Areal med halling $\leq 1:5$ (K1)	480
	Innmarksbeite (K9)	280

Kommentar: Satsane er førebelse og kan bli justerte dersom omsøkt areal blir vesentleg større eller mindre enn rekna med.

5

Kommunen kan gje tilskot til beitedyr på utmarksbeite i tråd med kapittel 8.4.1. i *Tiltaksplan for Vestnorsk Fjordlandskap – kulturlandskapet*. Beitinga skal medverke til at kulturlandskapet og arealtilstanden vert halden oppe på lang sikt. Ved utrekning av tilskot vert det nytta same gruppering av dyr og same dyretal som i søknad om produksjonstilskot. Det er ulike satsar for dei som har driftssenter innanfor og utanfor verdsarvområdet.

Beitetilskot	2025
Landbrukseigedommar innanfor:	
Sau/lam og geit/kje	365
Storfe og hest	2 185
Landbrukseigedommar utanfor:	
Sau/lam og geit/kje	135
Storfe og hest	720

Kommentar: Satsane er førebelse og kan bli justerte dersom omsøkt tal husdyr blir vesentleg større eller mindre enn rekna med.

5.2. Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av verneverdige bygningar og anlegg

For at tilskotet skal vere i samsvar med føremålet for tilskotsordninga, som m.a. er å ta vare på kulturminne, må tiltak på verneverdige bygningar og anlegg utførast slik at tiltaket kan reknast som istandsetting, vedlikehald og skjøtsel.

Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av verneverdige bygningar inneber:

- At bygningane og anlegga blir sette i stand og haldne ved like med antikvarisk utføring. Tiltaka bør då vere utførte av tradisjonshandverkar med kompetanse på feltet.
- Å ta vare på mest mogleg, og berre skifte ut dei delane som ikkje let seg reparere.
- Ved reparasjon må dette skje på ein skånsam måte, ut frå tradisjonelle teknikkar, metodar og materialar. Den som skal reparere må ha kompetanse til det.
- At ved nødvendig utskifting av ein heil del, bør dette gjennomførast som ein kopi av den originale delen. Det må då nyttast materiale av same kvalitet, dimensjon og

utforming som det opphavlege. I tillegg bør tiltaket utførast av tradisjonshandverkar som har kunnskap til korleis dette bør gjerast.

- At det kan settast vilkår for utføring av det spesifikke tiltaket i vedtaket
- Det vert tilrådd å ta kontakt med tradisjonshandverkarar for å få kostnadsoverslag

Hugs at søker har ansvar for at tiltaket må vere avklart etter andre lovverk og forskrifter.

5.2 Eingongs-/investeringstilskot

Kommunen vurderer og fastset tilskotsandel i kvar einskild sak. Tilskottsprosenten varierer frå 40-70 % av godkjent kostnadsoverslag for tiltak i denne gruppa. For større fellestiltak kan kommunen vurdere å gje inntil 100 % av godkjent kostnadsoverslag. Tilskotsandel blir oppgitt i vedtaksbrevet om tilskot.

Søknad om tilskot til andre tiltak kan også løyvast til søkerar som ikkje mottek produksjonstilskot. Ved mangel på tilskotsmidlar, vil søkerar som mottek produksjonstillegg bli prioritert.

Søknaden skal innehalde ei skildring av det planlagde tiltaket, og ha budsjett og gjennomføringsplan. Tiltaket skal merkast av på kart vedlagt søknaden, der det er naudsynt.

Satsar for andre tiltak:

	Type investering i prioritert rekkefølge	Sats	Merknad
1	Driftsbygningar - investeringsbidrag	Inntil 50%	Max 50% i offentlege midlar
2	Spesialutstyr til slått og hausting av tungdrive areal	Inntil 40%	Tilskott skal betalast attende dersom utstyret vert seld før 5 år etter utbetaling av tilskott
3	Arealtiltak, som til dømes: • rydding av skog til beite • reetablering av kulturlandskap • drenering • nydyrking • flaumsikring	Inntil 70%	Max 70% i offentlig støtte
4	Andre investeringar som fremjar føremålet med ordninga	Inntil 40%	

Kommentar til pkt. 1:

Innovasjon Norge sin overordna politikk for landbrukssaker er i utgangspunktet lik for heile landet. Vilkåra gjeld dermed også i verdsarvområdet, jf.:

Andre tilskudd

For eksempel gir enkelte kommuner gjennom konsesjonsfond støtte til investeringer, bl.a. i eller i tilknytning til landbruk.

Forutsatt at støtte fra Innovasjon Norge ikke kommer i konflikt med reglene for bagatellmessig støtte, skal det ikke foretas sjablongmessig avkorting i støtte fra Innovasjon Norge. Innovasjon Norges eventuelle bidrag skal vurderes i lys av samlet støtte, utløsende effekt og at tilskuddet skal være tilstrekkelig risikoavlastende.

Verdsarvmidlar vert å vurdere på line med konsesjonsfond som konkret er nemnt ovanfor, og det skjer dermed ikkje noko sjablongmessig avkorting for VA-midlar.

Den regionale partnerskapen for landbruk gir regionale føringar for bruken av midlane fylkesvis. I desse føringane kan det gjerast prioritering mellom produksjonar og mellom geografiske regionar.

Prinsipp for utmåling av tilskot og overordna prioriteringar gitt gjennom jordbruksavtalen gjeld likt for alle fylka.

Landbruksprodukt er i stor grad unnateke frå EØS-avtalen og er dermed også unnateke regelverket om bagatellmessig støtte. Dersom det er snakk om søknader innanfor *tilleggsnæringar* kan regelverket om bagatellmessig støtte verte relevant. Det er avhengig av kva produksjon det er tale om.

Kommentar til pkt. 3, kulepunkt 3:

Midlar til drenering etter dette regelverket bør berre nyttast i tilfelle der andre ordningar (SMIL og Tilskot til drenering) ikkje dekkjer behovet, eller dersom desse midlane ikkje er tilstrekkelege for å få sett tiltaket i verk.

5.3 Eigeninnsats

Rettleiande satsar (kr/time) for eige arbeid er:

- | | |
|--|---------|
| • Eige arbeid | : 200 |
| • Arbeid med bruk av eiga motorsag | : 300 |
| • Arbeid med bruk av eigen traktor ('vanleg jordbrukstraktor') | : 500 |
| • Arbeid med bruk av eigen traktor m/dumparhengar | : 800 |
| • Gravemaskin | : 1 000 |
| • Lastebil | : 1 000 |

Satsane inkluderer drivstoff og olje.

6. Korleis søker du?

Du søker på ordninga via Altinn-portalen:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-til-tiltak-i-verdensarvomrader>

(«Jordbrukets satsing i verdensarvområdene»)

Søknadsfristane er sette slik for 2025:

- **Areal- og beitetilskot : 15. september.**
- **Investeringsstilskott : 15. juni.**

Vi oppmodar samtidig til å sende inn søknad så tidleg som mogleg.

7. Kva må søknaden innehalde?

I søknad om tilskot til eingongs-/investeringstiltak skal du i søknaden gi følgjande informasjon:

- kven som søker
- i kva for verdsarvområde tiltaket skal gjennomførast i
- kvar skal tiltaket gjennomførast (legg ved kart!)
- kva du har tenkt å gjere
- gi ei skildring av området og tilstanden til bygningen/ arealet el. der tiltaket skal gjennomførast
- skildring av omfang av og føremålet med tiltaket
- korleis tiltaket skal gjennomførast (arbeidsmetodar, materiale etc.)
- kven som skal utføre tiltaket
- grunngjeving for korleis dette tiltaket er i tråd med formålet med ordninga
- skildre noverande bruk og kva du har tenkt å bruke bygningen/arealet/ objektet til etter at tiltaket er fullført
- framdriftsplan for tiltaket
- kostnadsoverslag
 - overslaget skal omfatte totale kostnader for tiltaket du søker tilskot til - dette kan vere både materialkostnader, kjøp av tenester og arbeid
 - spesifiser beløp utan MVA dersom tiltaket gir rett til frådrag for MVA
 - dersom du har fått eit detaljert pristilbod frå t.d. handverkar/entreprenør bør dette òg leggjast ved
- finansieringsplan
 - korleis du har tenkt å finansiere tiltaket
 - søknadsbeløp
 - om du har eigenandel, eigenkapital eller har tenkt til å utføre noko av arbeidet sjølv (ved eigeninnsats, oppgi sats/timar)
 - om du har søkt eller motteke anna offentleg eller privat finansiering til dette tiltaket (til dømes frå Kulturminnefondet, Sparebankstiftinga, SMIL, kulturmiljøforvaltninga- eller verkemidla til naturforvaltninga eller liknande)

Mal for obligatorisk vedlegg (kart, bilete, dokument) til søknad om investerings-/eingongstiltak finn du her:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-til-tiltak-i-verdensarvomrader?openStep=a16fdb66-1c0e-4ab4-b305-df2187ec83db-1>

For søknad om tilskot til drift/årleg tiltak skal du i søknaden oppgi:

- kven som søker
- i kva for verdsarvområde tiltaket skal gjennomførast i
- kvar tiltaket skal gjennomførast (legg ved kart!)

- kva du har tenkt å gjere
- området og tilstanden til bygningen/ arealet el. der tiltaket skal gjennomførast
- omfang av og føremålet med tiltaket
- korleis tiltaket skal gjennomførast (arbeidsmetodar, materiale etc.)
- kven som skal utføre tiltaket
- grunngjeving for korleis dette tiltaket er i tråd med formålet med ordninga
- noverande bruk og kva du har tenkt å bruke bygningen/arealet/ objektet til etter at tiltaket er fullført
- framdriftsplan for tiltaket
- grunnlag for utrekning driftstilskot. Opplysningar om omfang av dyr på beite, type areal som skal skjøttast, setring, gjerding, ferdselstiltak med meir

Malen for obligatorisk vedlegg finn du her:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-til-tiltak-i-verdensarvomrader?openStep=a16fdb66-1c0e-4ab4-b305-df2187ec83db-1>

8. Tildeling av tilskot

Stranda kommune handsamar søknadane, fattar vedtak og sender tilskota til utbetaling. Søknadar som manglar informasjon eller naudsynte løyve må rekne med lengre handsamingstid.

9. Arbeidsfrist

Fristen for gjennomføring av tiltak er 3 år frå det blir løyvd, med mindre Stranda kommune har sett ein kortare frist ved løyving til søknaden. Kommunen kan etter søknad lengje arbeidsfristen, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart løyvd.

10. Utbetaling av tilskot og krav om rapportering

For utbetaling av løyvde tilskot, må søker sende inn rapport om tiltaket tiltak og krav om utbetaling. Slik rapportering skal gjerast via Altinn.

Landbruksdirektoratet har laga rapporteringsskjema som er **obligatoriske** å legge ved den digitale utbetalingsoppmodninga for del- og sluttutbetaling:

[Mal for rapporteringsskjema for tilskot til eingongs-/investeringstiltak](#)

[Mal for rapporteringsskjema for tilskot til drift-/årleg tiltak](#)

Som naudløyning kan ein sende rapporten til kommunen ved å hente ut aktuelt skjema frå lenkene ovanfor, fylle dei ut og sende dei på e-post til kommunen. Kommunen skal godkjenne rapportering før tilskot vert betalt ut, og synfare tiltaket ved behov.

Det kan betalast ut tilskot etter kvart som deler av tiltaket vert utført. Det må då sendast inn delrapport med dokumentasjon. Men minst 25 % av tilskotet skal haldast attende til tiltaket/prosjektet er slutført.

Søklar får påminning når arbeidsfristen nærmar seg.

11. Opplysningsplikt og kontroll

Kommunen kan føre kontroll med at vilkår for utbetaling av tilskot er oppfylt. Kommunen kan utføre kontroll på staden. Kontrollen kan også omfatte gjennomføringa av tiltaket i forhold til regelverk for kulturminne og landskapsvern.

Søklar av tilskot pliktar å gi alle opplysningar som kommunen finn naudsynt for å kunne kontrollere at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadene, under dette bokføring og korrespondanse som vedkjem tilskotet.

Når Statsforvaltaren gjer vedtak etter § 7 første ledd, har dei same mynde som kommunen etter § 8 første og andre ledd.

Når Statsforvaltaren eller Landbruksdirektoratet handsamar klage over vedtak om tilskot, har dei same mynde som kommunen til å innhente opplysningar og utføre kontroll på staden § 8 første og andre ledd.

12. Omgjering og attendebetaling

Tilskot som ikkje er nytta i samsvar med tildelingsvedtaket kan krevjast betalt attende.

Statsforvaltaren kan gjere om vedtak om løyvde tilskot, og utbetalt tilskot kan krevjast betalt attende dersom det blir avdekt forhold som er i strid med det som er føresetnadene ved løyvinga av tilskotet.

For krav om attendebetaling av tilskot kan det krevjast renter etter *Lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.*

13. Klage

Vedtak som er fatta av Stranda kommune kan klagast inn til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal etter reglane i *Lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) kap. VI.*

14. Rullering av vedtektene

Denne rettleinga vil bli rullert ein gong i året på bakgrunn av m.a. innspel frå fagлага i området og andre relevante høyringsorgan.

15. For meir informasjon

- Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap (FOR-2019-12-18-2024),

sjå: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-12-18-2024?q=verdensarv>

- Landbruksdirektoratet si side om verdsarvområda, sjå:
<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-til-tiltak-i-verdensarvomrader>
- Møre og Romsdal fylke, Areal- og miljøvern avdelinga. (2008, 6 15). *Forvaltningsplan VESTNORSK FJORDLANDSKAP DELOMRÅDE GEIRANGERFJORDEN. Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Kallskaret naturreservat. Hyskjet naturreservat. Kommunedelplanområde Geiranger Tafjord*. Møre og Romsdal fylke, Areal- og miljøvern. Molde: Møre og Romsdal fylke. Hentet 4 4, 2020 fra
<https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-more-og-romsdal/dokument-fmmr/miljo-og-klima/forvaltningsplanar-verneomrade/webkvalitet---forvaltningsplan-for-vestnorsk-fjordlandskap.pdf>
- Rundskriv 2021/31. Kommentarer og utdypende forklaringer til forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap. Sjå: <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/forvaltning/alle-veivisere-for-jordbruk/utvalgte-kulturlandskap-i-jordbruket-og-verdensarvomradene>
- *Tiltaksplan for Vestnorsk Fjordlandskap – kulturlandskapet*, sjå:
<https://www.stranda.kommune.no/nyheiter-pa-framsida-aktuelt/godkjent-tiltaksplan-for-vestnorsk-fjordlandskap.12179.aspx>

16. Kontaktpersonar

- Inge Bjørdal, Stranda kommune. M: 464 11 023. E-post: inge.bjordal@stranda.kommune.no
- Sentralbordet i Stranda kommune. T: 70 26 80 00. E-post: post@stranda.kommune.no